

Hjartdal kommune

Styre, råd, utval	Møtedato	Saknummer	Sakshandsamar
Utval for næring og teknikk	22.09.2005	051/05	HH

Saksansvarleg: Harald Helliksen	Arkiv: K2-V70	Arkivnr.: 2005000728
---------------------------------	---------------	----------------------

FORSKRIFT OM BEREKRAFTIG SKOGBRUK - HØRING

Dokument i saka:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	14.07.2005	Landbruks og matdepartementet	FORSKRIFT OM BEREKRAFTIG SKOGBRUK - HØRING

Vedlagde dokument:

Utkast til ny forskrift om berekraftig skogbruk.

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

Lov om skogbruk av 27.05.2005.

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.:	2005/1215 - 46
Mottatt:	28 SEPT 2005 ASR/ASRL
Saksbeh.:	IEK 482
Kopi:	Avsak:

Saksgang:

Utval for næring og teknikk gir høyringsuttale.

Bakgrunn for saka:

Landbruks- og matdepartementet har sendt ut på høring utkast til ny forskrift om berekraftig skogbruk. Forskrifta kan ein sjå som ein naturleg oppfølging og konkretisering i forhold til reglane i den nye skogbrukslova som blei vedtatt av Stortinget no i vår.

Reglar om miljøomsyn, om forynging etter hogst og om tiltak mot skadar på skog er samla i forskrifta. Reglane om miljøomsyn bygger i stor grad på standardane om miljøomsyn i "Levende Skog". Departementet meiner at den nye forskrifta kan fungere som eit sikringsnett utan å gi meir byråkrati og svekke skogeigarane sin motivasjon for å drive arbeidet vidare med frivillige miljøomsyn.

Kapitlet om forynging etter hogst er og ei oppfølging av reglane i den nye lova, der det går fram at skogeigaren skal sørge for tilfredsstillande forynging etter hogst og sjå til at det er samheng mellom hogstform og metode for forynging. Det er krav om at skogeigaren skal setje i gang nødvendige tiltak for forynging etter hogst.

Kapitlet om tiltak mot skadar på skog er i stor grad i samsvar med gjeldande reglar, men av omsyn til det biologiske mangfaldet (dauðt og skada trevirke i skogen kan i så måte vere positivt) er føresegnene noko meir nyanserte enn før.

Vurdering:

Det er positivt at reglane om miljøomsyn, forynging og skadar på skog samlast i ei forskrift. Formuleringane om miljøomsyn i sjølve lova er relativt runde og generelle. Det er derfor ein fordel å få ei forskrift med meir konkrete reglar. Det er naturleg at det offentlege har ei rolle i

forhold til forvaltning av miljøomsyn i skogbruket. Ulike ordningar om sertifisering i samband med sal av tømmer kan ikkje erstatte dette.

Reglane om forynging har blitt klarare, både i lova og forskrifta. Dette er ein fordel, og det vil vere lettare enn før for kommunen å påleggje tiltak for å få til tilfredsstillande forynging dersom det skulle vere nødvendig. Registreringar viser at det er for mange felt som ikkje har tilfredsstillande forynging. Samtidig med innføring desse regelendringane burde det og opnast for at det igjen kan gis tilskot til planting. Det er vanskeleg å skjøne at ein ikkje kan gi tilskot til nyplanting etter hogst (tilskot til *skogreising* blir noko anna) når andre tiltak innan skogkultur kan gis tilskot.

Når det gjeld dei enkelte paragrafane i forskrifta, har ein desse merknadene:

I § 2-3, Miljøomsyn ved skogbrukstiltak, bør det nemnast serskilt at kantsoner skal takast vare på eller utviklast.

I § 4-3, Førebyggjande tiltak, bør ein ikkje bruke formuleringa ”risiko for sverming av skadeinsekt”, men heller t.d. skrive ”risiko for angrep av skadeinsekt”. Insekta svermar vel kvart år, sjølv når det er liten fare for angrep på skog og tømmer.

RÅDMANNEN TILRÅR:

Hjartdal kommune ser det som positivt at det blir fastsett forskrift om berekraftig skogbruk, og at reglane om miljøomsyn, forynging etter hogst og tiltak mot skadar på skog blir samla i ei forskrift. Det visast elles til over nemnte vurderingar og merknader.

Hjartdal kommune ber om at det igjen blir høve til å gi tilskot til planting etter hogst.

22.09.2005 Utval for næring og teknikk

Forslag frå Bendik Skeie (SP):

Hjartdal kommune ser det som positivt at det blir fastsett forskrift om forynging etter hogst og tiltak mot skader på skog.

Hjartdal kommune går imot at det blir fastsett forskrift om miljøomsyn og meiner derfor at kapittel 2 må takast ut av forskrifta.

Hjartdal kommune ber om at det igjen blir høve til å gi tilskot til planting etter hogst.

NOT-051/05 VEDTAK:

Hjartdal kommune ser det som positivt at det blir fastsett forskrift om forynging etter hogst og tiltak mot skader på skog.

Hjartdal kommune går imot at det blir fastsett forskrift om miljøomsyn og meiner derfor at kapittel 2 må takast ut av forskrifta.

Hjartdal kommune ber om at det igjen blir høve til å gi tilskot til planting etter hogst.

Vedtaket var samrøystes.

Rett utskrift: 26/9-05
Ingebjørg Handberg
sekr.

Utskrift til:

Det Kgl. Landbruks- og Matdepartementet,
Postboks 8007 Dep, 0030 Oslo